

ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2021



(Tundradalskyrkja og Tverrådalsskyrkja. Foto K. Dagsgard).



**ÅRSMØTET BLIR HALDE PÅ SKJÅK TURISTHEIM
TORS DAG 21. APRIL 2022 kl. 19.30**

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar og sekretær
3. Val av 2 av dei frammøtte bruksberettiga til å skrive under protokollen
4. Årsmelding og rekneskap for 2021
5. Orientering frå styret og styret sine planar for det komande året
6. Fastsetjing av godtgjersle i 2022 for styremøte og andre møter, og fast godtgjersle til styreleiaren
7. Oppnemning av revisor og fastsetjing av godtgjersle for revisjonsarbeid
8. Val av 1 av 3 medlemmar til Revisjons- og kontrollutval 2022-2024
9. Handsaming av evt. innkomne saker (må leverast skriftleg på almenningkontoret seinast 1 veke før årsmøtet)
10. Valet er ein integrert del av årsmøtet. Dvs. at vallokalet opnar når årsmøtet kjem til dette punktet i saklista og vallokalet stengjer når årsmøtedeltakarane på årsmøtet er ferdig med å stemme. Det blir gjeve moglegheit for at andre bruksberettiga, som ikkje deltek på sjølve årsmøtet, skal få stemme i dette tidsrommet.

Valkomiteen har kome fram til følgjande 6 kandidatar til almenningstyret og 6 kandidatar til valkomiteen. Namna er lista opp alfabetisk:

Styret

Andreassen, Marius
Dagsgard, Malene
Dahl, Bernt Joachim
Fjerdingsren, Arnstein
Løkken, Ragnhild
Vange, Vidar

Valkomite

Andersbakken, Siv
Gjeilo, Tore
Maurstad, Liv Oddrun
Plassen, Rune
Sæther, Hans
Tråstad, Anita

Kunngjering av valresultat på same stad ca. kl. 22.00.

Underskriving av protokollen.


Årsmøtet slutt.

Styret for Skjåk Almanning

*Skjåk Almanning - til det beste for jordbruket
og til glede for alle*

ÅRSMELDING 2021

1. EIGARSKAP OG ORGANISERING



1

Almenningsstyret

Kjell Egil Ramstad (styreleiar)	2020-2024	Arnstein Fjerdingsren	2018-2022
Mona H. Grimstad (nestleiar)	2020-2024	Vidar Vange	2018-2022
Kjell Aaboen	2020-2024	Ragnhild Løkken	2018-2022
Bjørnar K. Stenersen	2020-2024		

Vara for styret

Pål Eiesar	2020-2024	Liv Mona Johnsgard	2018-2022
Susanne R. Brenna	2020-2024	Roger Haugen	2018-2022
Ola Steinbakke	2020-2024	Rune Plassen	2018-2022
Else Mona S. Bøye	2020-2024		

Valkomite

Hans Sæther	2020-2022	Liv Oddrun Maurstad (vara)	2020-2022
Per Øyvind Ørjasæter	2020-2022	Tore Gjeilo (vara)	2020-2022
Siv Andersbakken	2020-2022		
Anita Tråstad	2020-2022		

Styremedlemmar og varamedlemmar er valde for 4 år om gongen. Funksjonstida for styreleiar og nestleiar er 2 år.

Møter og synfaring

Det er halde 7 ordinære styremøte i 2021, der det til saman vart handsama 53 saker, i tillegg til fleire arbeidsmøter. Almenningsstyret har vore på fleire synfaringar, blant anna for å drøfte ei sak om masseuttak i Kvitinglia. Styret har også vore på bedriftsbesøk i fabrikk til Gudbrandsdal Massivtre AS i Vågå.

Representasjon

Skjåk Trelast AS	Kjell Egil Ramstad (styreleiar)
Bygger'n Skjåk AS	Kjell Egil Ramstad (styreleiar)
Breheimen Nasjonalparkstyre	Jo Trygve Lyngved
Reinheimen - Breheimen Villreinutval	Jo Trygve Lyngved (styreleiar) og Kjell Egil Ramstad
Bruksrettsutval Skjåk Almenning	Kjell Egil Ramstad, Vidar Vange og Ragnhild Løkken
Rådgevande utval Reinheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Rådgevande utval Breheimen Nasjonalpark	Jo Trygve Lyngved
Skjåk Turløyper SA	Kristen Dagsgard
AS Vågåfisk	Kristen Dagsgard
Vedlikehaldsforeininga for Tundradalsvegen	Kjell Olstad (styreleiar)
Skjåk Biovarme AS	Jo Trygve Lyngved (styreleiar) og Kjell Egil Ramstad
Gudbrandsdal Massivtre AS	Jo Trygve Lyngved (styreleiar)
Måråe Kraftverk AS	Kjell Egil Ramstad (nestleiar) og Jo Trygve Lyngved
Sotvegen (interimstyre)	Birgit Bilstad

Skjåk Almenning har sekretærfunksjonen for Norsk Almenningsforbund.

Revisjon

Ernst & Young AS. Revisjons- og kontrollutval: Egil Mork (2021-2023), Lars Petter Forberg (2021-2023) og Gudbrand Hyrve (2020-2022).

Tilsette

Almenningsstyrar	Jo Trygve Lyngved
Utmarksrettleiar	Birgit Bilstad
Utmarksrettleiar	Kristen Dagsgard
Skogbruksleiar/naturopsyn	Kjell Olstad
Kontormedarbeidar	Kari Elin Sperstad
Økonomileiar	Astrid Bjørnstad
Sekretær Norsk Almenningsforbund	Sæbjørn Forberg
Skogsarbeidar	Sylfest B. Forberg

Årsmøtet 2021

Ein hadde håpa å kunne gjennomføre årsmøtet fysisk, men grunna Covid-19 og restriksjonane rundt dette vart møtet halde digitalt 10. juni 2021. 12 bruksberettiga inkludert styret deltok.

2. BRUKSRETT

På nyåret i 2021 vedtok almenningstyret nye retningslinjer for bruksrettsytingar. Rabattsatsane på trelast og flis vart justert slik at det vart meir lønsamt for dei med bruksrett. Samstundes vart det innført eit tilskot på uttak av byggevarer på Bygger'n Skjåk AS for dei som skal investere i driftsbygning. Det kom inn 3 søknadar på tilskotsordninga i løpet av året. Ein av søkjarane ferdigstilte bygginga og fekk utbetalt tilskotet innan utgangen av 2021.

I 2021 vart arbeidet med gjennomgang av bruksrettsregisteret sett i gang. Det er om lag 10 år sidan sist eit slik arbeid vart gjennomført. Det vart sendt ut brev til over 40 gardsbruk med bruksrett i Skjåk Almenning, der styret ynskte opplysingar om mellom anna status på den jordbruksmessige drifta. Det kom svar frå litt over halvparten. Gjennomgangen held fram i 2022. Det vart utført kontroll på uttak av bruksrettsytingar på 3 tilfeldig utvalde bruk også i 2021, ingen avvik vart funne.

Styret evaluerte i januar tilskotsordninga med gjerdetilskot. Det vart vedteke å vidareføre ordninga, men med ein auka sats pr. løpemeter frå kr. 20 til kr. 30. For 2021 vart det gjeve tilskot på til saman 535 (3.595) løpemeter.

Det var i 2021 136 gardsbruk som søkte produksjonstillegg i Skjåk. Gjennom året vart det slept 4.245 (3.455) sau og lam, 873 (785) storfe og 634 (495) geit på utmarksbeite i Skjåk Almanning. Tapet utgjorde 344 (242) for sau, 0 (0) for storfe og 0 (0) for geit. Det er for tida brukbar satsing i landbruket i Skjåk, der 2 nye mjølkefjøs med robot nyleg er sett i drift og to er under oppføring. Det er vidare søkt om offentleg stønad til å



(Gammal steinbu under Styggehoa. Foto Kari E. Sperstad)

sette opp nye/påbygg av 1 ammekufjøs og 4 kufjøs i 2021.

Landbrukskontoret driv framleis prosjektet "Laus ku og framtidstru", om noko avgrensa grunna korona. Dette er eit prosjekt som skal hjelpe gardbrukarane med å tilpasse seg lausdriftskravet som kjem i 2034 (2024 for øko). Det er pr. dags dato 55 gardsbruk i Lom og Skjåk som er med i prosjektet. Landbrukskontoret har sett i gang eit rekrutteringsprosjekt for landbruket, der det mellom anna blir halde avlørsarkurs og temakveld om overdraging av landbrukseigedomar. Målet er at ungdomane som melder seg på får prøve seg i fysisk arbeid hjå gardbrukarar som blir med i prosjektet.

Samla ytingar til bruks- og eigedomsberettiga var i 2021 på kr. 2.626.569. I tillegg kjem verdien av utmarksbeite som er stipulert til godt over kr. 3.500.000 (tal frå landbrukskontoret).

3. SKOGEN


Skjåk Almanning er medlem av Glommen Mjøsen Skogs FSC® gruppe-ordning (FSC-C103851) og skogforvaltningen på eigdommen skjer i tråd med FSC Prinsipper og Kriterier. Glommen Mjøsen Skog er sertifisert gjennom Soil Association Certification Ltd. I tillegg er Skjåk Almanning medlem av Glommen Mjøsen Skogs PEFC sertifikat, og følgjer Norsk PEFC Skogstandard.

Almenninga har eigen skogbruksplan og forvaltningsplan. Planane inkluderer kartlegging og omtale av miljø- og kulturminne og fleirbruksomsyn, og blir revidert regelmessig. Siste skogtakst frå 2015 viser eit produktivt skogsareal på 82.051 daa, der 1.718 daa utgjer nøkkelbiotopar. I tillegg er om lag 54.000 daa skogsareal verna gjennom naturvernlova og naturmangfaldlova. Sistnemnte er Reinheimen- og Breheimen Nasjonalparkar med tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat. Årleg tilvekst på det produktive arealet i hogstklasse 3, 4 og 5 er 15.100 m³, medan årleg balansekvantum ligg på om lag 11.000 m³. Hogstkvantumet er fordelt mellom kabelkranterreng og hogstmaskinterreng. Furu blir forynga ved planting eller naturleg forynging. Suppleringsplanting skjer der det er nødvendig og tilstanden til skogen blir vurdert som stabil og tilfredsstillande.

Ved gjennomføring av skogbrukstiltak blir det gjort før- og ettervurderingar. I dette ligg gjennomgang av aktuelle databaser for miljø og kulturminne. Biologisk rådgevar er brukt der det er aktuelt med avklaring av enkelte artsfunn og naturtype-områder. Det er ikkje avdekt skader eller andre utilsikta forstyrningar på verneområde eller nøkkelbiotopar. Almanninga har heller ikkje kjennskap til uhell eller avvik knytt til andre kjente miljøverdiar siste år. Almanninga har aktivitet knytt opp mot fritidsaktivitetar og friluftsliv, og har gjennom representasjon og møter dialog med aktuelle brukargrupper. Skogsbilvegane er i hovudsak opne gjennom den snøfrie delen av året.

Hogst

Innmålt kvantum i 2021 var 8.865 m³, der furu utgjør 99,5 % og bjørk 0,5 %. Av volumet var 62 % sagtømmer, medan resten var slip og anna vyrkje. Av totalvolumet kjem 1.600 m³ av kabelkranhogst. Snittprisen på skurtømmer og slip var høvesvis 510 kr/m³ (491) og 256 kr/m³ (276). Sagtømmeret gjekk til Skjåk Trelast AS (76 %) og Moelven (24%), medan 100 % av slipkvantumet vart levert til Skjåk Trelast AS.



(Innmålt hogstkvantum 2011-2021, fordelt på slip og skurtømmer. Det høge volumet i 2012 er etter stormen Dagmar.)

Skogkultur

Planting er utført på 76 daa (nyplanting), med 41 daa furu og 35 daa gran. For furu er det planta 4.060 planter av A6 og 6.020 A7, begge Skjåkproveniensen. For gran er det planta 4.920 planter i høgdelag 6 og 600 planter i høgdelag 7. Kostnaden er 6,4 (5,2) kr/plante. Det er utført ungsogpleie på 120 (690) daa, med ein kostnad på 438 (464) kr/daa. Årsaken til nedgangen i plantetalet og ungsogpleie er redusert tilgang på arbeidskraft gjennom Glommen Mjøsen Skog SA som følge av corona. Det er utført markberedning på 711 daa, medan det ikkje er gjennomført gjødsling eller bruk av kjemiske eller biologiske midlar. Kostnadene over er før eventuelle tilskot.

Veganlegg og naturskade

I 2021 er det bygd ny skogsbilveg i klasse 3 i Jøingslia på 320 m, det det er grovplanert og lagt ned stikkrenner. Sluttstilling vil skje i 2022.

Dette året er det ikkje registrert store naturskader på skog/skogsvegar av noko slag. Vekstsesongen har vore middels i alle høgdelag.

4. UTMARK


Storvilt

Våren 2021 vart det utarbeidd ny treårig bestandsplan for elg, hjort og rådyr, med heile Skjåk som eitt felles bestandsplanområde. Målet i planen er å redusere hjorteviltstammen av elg og hjort til eit akseptabelt nivå, både med tanke på eksisterande beitegrunnlag og beiteskade på innmark. Elg og hjortejakta vart sett burt på ny treårsperiode, og 9 innanbygds jaktlag fekk tildelt jakt.

Elg

Bestandsplanen legg opp til eit årleg uttak av elg i Skjåk på 100 dyr, og totalt inntil 300 elg + 90 tiltaksdyr i perioden 2021-2023. Med dette reknar ein med å nå målsettinga om å ha eit årleg uttak


som tilsvarar tilveksten på ca. 55-75 elg per år for heile Skjåk. Utvikling i slakteveker og produktivitet i elgstamma er nedgåande, og utfordringa blir å behalde dei beste produksjonsdyra i stamma. Verkemidlar for å nå dette er blant anna premiering av uttak av små dyr, pristillegg for uttak av verdifulle produksjonsdyr, samt redusert uttak av dei største elgoksane. Tiltak med redusert pris for elg skote på innmark er vidareført frå førre bestandsplan. Skjåk kommune iverksette også i år skadefelling på innmark før ordinær jaktstart, desse er ikkje med i statistikken vår. I 2021 vart det felt totalt 89 elg i Skjåk Almenning, derav 11 skrapdyr og 5 «innmarkselg» med redusert pris.



(Felt elg i Skjåk 2011-2021, fordelt på Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd).

Hjort

I bestandsplanen kan ein ta ut inntil 360 hjort årleg, totalt 1080 hjort i heile Skjåk over 3 år. For hjorten er det inga stor endring i korkje produktivitet eller slakteveker dei siste åra. Store delar av stamma er truleg i Skjåk Almenning om sommaren, men trekkjer austover til Skjåk Utmarksråd i løpet av hausten og vinteren. Ein har lite kunnskap om både inn- og utvandring til hjorten, men mest sannsynleg kan ein hauste eit betydeleg antal i Skjåk utan at stamma blir påverka negativt. Skjåk Almenning legg til rette for auka uttak av hjort gjennom å bruke heile jaktidsramma, samt sal av kort til enkeltjegerar i desember. I 2021 vart det felt 64 hjort i Skjåk Almenning, derav 21 hjort tildelt enkeltjegerar i desember. Det vart felt totalt 229 hjort i Skjåk i 2021, som nok eit år er ny rekord.



(Felt hjort i Skjåk 2011-2021, fordelt på Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd)

	Elg	Hjort	Villrein	Rådyr
Kvote	75 (93)	100 (75)	480 (360)	50 (46)
Felt	89 (99)	64 (72)	349 (246)	14 (18)
Fellingsprosent	- (-)	64 (96)	73 (68)	28 (39)
Kg. kjøtt	9.144 (11.499)	3.066 (3.923)	Ca. 13.530 (10.135) stipulert	210 (270) stipulert

(Nøkkeltal frå storviltjakta i Skjåk Almenning 2021. Tal frå 2020 i parentes.)

Villrein


Våren 2021 vedtok Reinheimen-Breheimen villreinutval ny bestandsplan for villreinområdet. I korte trekk går denne ut på å redusere vinterstammen til 1800-1900 dyr i Reinheimen, 400-450 dyr i Breheimen sør-aust og 250-300 dyr i Breheimen sør-vest.

Dei to fyrste vekene av jakta var mesteparten av villreinen i Reinheimen samla på Lesja. Villreinutvalet vedtok 5. september at jakta skulle utvidast med 5 dagar, til og med søndag 19. september. I år var det lagt opp til at jegerane kunne jakta i heile Reinheimen-området måndag til torsdag, under føresetnad at dei gjekk inn frå eiga område. Dette var ei ordning som vart godt motteke blant jegerane. I Breheimen sør-aust stod ein del dyr, også smådyr, på freda område i Lundadalen dei to fyrste vekene av jakta. For heile villreinområdet vart fellingsprosenten 75 %, medan det for Skjåk Almenning endte på 73 % med slik fordeling: Reinheimen 61,5 %, Breheimen sør-aust 86 % og Breheimen sør-vest 85 %.



(Midt i storbukken sitt rike – Lundadalen. Foto Jo Trygve Lyngved)

Det vart i 2021 teke 461 CWD-prøver av felte vaksne dyr – i likskap med dei føregåande åra var alle prøvene negative. Det var svært få observasjonar av halte dyr (fotråte) i haust. Oppsynstenesta i området blir organisert og koordinert av Reinheimen-Breheimen villreinutval, som også står for den praktiske forvaltninga.



(Totalkvote, felte dyr og fellingsprosent for villrein i Skjåk Almanning 2001-2021. Tala i overkant av søyla er kvote det enkelte år.)

Fiske


2021 kan karakteriserast som ein lang fiskesesong med tidvis gode tilhøve. Alt i slutten av juni var det isfrie vatn høgt til fjells, der Torsvatnet var nesten isfritt 2.juli. Frå sesongen kom det inn rapportar om uttak på god fangst i Leirungsvatnet og Torsvatnet. Dette er fisk av veldig god kvalitet. I Torsvatnet har det ikkje vore sett ut fisk sidan 2018, og i Leirungsvatnet blir det ikkje sett fisk ei periode framover, i og med at nær halvparten av fisken ikkje er feittfinneklypt. Frå andre vatn i almenninga kjem det lite skriftlege attendemeldingar/rapportar.

I Mysubyttvatnet har det vore lagt ned ein god innsats for å tynne bestanden med uttak av nær 900 fiskar i 2021. Det same gjeld for Lortjønnen med uttak på over 1.000 fiskar. Skjåk Almanning set stor pris på alt kultiveringsarbeid som blir gjort, og bidreg med blant anna småbanda garn fleire stader. I 2020/2021 har det vore dialog med Tafjord Kraft om prøvafiske i deira regulerte vatn. Resultatet viser ei positiv utvikling frå 2014 i Kolbeinsvatnet og på Grønvatnet, men inga endring i Veltdalen.

Det totale fiskekortsalet er stabilt, men for innanbygds vart det ein markant nedgang i 2021. Totalt vart det seld 1.722 fiskekort i 2021. Det var ei positiv utvikling med auka kortsal for lengre periodar blant utanbygdes (figur på neste side). Dette kan tyde at tilreisande ynskjer å vera her i lengre periodar.




(Fiskar på tur nedover Tordalen. Foto Jo T. Lyngved).



(Sal av fiskekort 2008 – 2021)

I alt vart det sett ut 2.550 aure i 2021, der 950 stk. to-årig fisk vart sett om vinteren i Leirungsvatnet og i Søverdalen. 1.475 stk. to-somrige settefiskar vart bore ut av Skjåk Almenning og friviljuge i rundt 20 ulike vatn og tjern i løpet av august. Slike kultiveringstiltak i mindre tjern og vatn er særst viktige for å oppretthalde eit variert og attraktivt fisketilbod i Skjåk. Alle som ber ut fisk får tildelt fritt fiskekort sesongen etter. Frå og med 2021 blir settefisker om sommaren feittfinneklypt.

I juni/juli vart arbeidet med båtlandet austafør Søre Hyrvevikje på Aursjoen ferdigstilt. Utfordringa her har vore mykje grov stein og delvis problematisk å setja ut båt. Resultatet vart ei klar betring på fleire måtar. Bruprojektet over Storgrove i Mysubyttaldalen vart ferdigstilt i august, samt at det vart sett opp eit stativ for garnreinsking ved Heggebottvatnet som er til offentleg bruk.



(Utvikling i sal av kategoriar fiskekort til utanbygds 2011-2021.)

Småvilt

Skjåk Almenning har kvart år målsetjing om å stimulere til uttak av predatorar for å sikre gode bestandar av anna matvilt. Fyrst og fremst er det ynskt uttak av smårovvilt i høgare strøk med tanke på rype- og skogsfuglbestanden. Rovviltkampanjen held fram i 2021/2022 som eit samarbeid mellom Skjåk Almenning og Skjåk Jeger og Fiskarlag. Den som fangar eller skyt raudrev blir også prioritert fyrst i tildeling av rådyrkort i Skjåk Almenning, samt at eit jaktkort på rådyr blir trekt mellom deltakarane i kampanjen.

For jaktåret 2020/21 vart det betalt ut skotpremie for 68 raudrevar, mot 69 året før. Skotpremien på kr. 500 er framleis eit samarbeid mellom Skjåk Almenning, Skjåk Utmarksråd og Skjåk Beite- og Sankelag. I tillegg vart det rapportert felling og fangst av 17 mår, 3 mink/røyskatt, 49 korp og 65 kråkefuglar. Skjåk Almenning vil halde fram med skotpremie på mår som vart innført i 2021.

Takseringane av rype vart som vanleg utført av lokale fuglehundekvipasjar i august. 7 område i Skjåk Almenning og 28,7 km linjer vart taksert. Resultatet viste ein dårleg årsproduksjon: gjennomsnittleg 4,5 fuglar pr. km med takseringsline og 1,3 kyllingar pr. par. Dette til trass for gode tilhøve i perioden med klekking. Det vart likevel konkludert med å gjennomføre jakta med strenge avgrensingar. Dette innebar ei dagskvote på 1 fugl pr. jeger pr. dag og 5 ryper totalt pr. sesong/kort.

For jaktåret 2020/2021 vart det seld 46 småviltkort og 13 smårovviltkort til innanbygdsbuande. Rypejakta for innanbygds utgjorde 99 jegerdagsverk og felling av 35 ryper (0,35 rype pr. jegerdagsverk). 12 av dei vart felt under vinterjakt.

Til andre vart det seld 93 enkeltkort og 19 jaktpakker inkludert hytte, samt 9 smårovviltkort, 25 harejaktkort og 21 kort for fuglehundtrening. Rypejakta for utanbygdes utgjorde totalt 487 jegerdagsverk og resulterte i 167 felte ryper (0,34 rype pr. jegerdagsverk). Til samanlikning felte utanbygdes jegerar 278 ryper i 2020 (0,54 pr. jegerdagsverk).

Jakt-år	Antal jegerar	Jegerar som har rapportert	Rapporterte jakt dagar	Felte lirype	Felte fjellrype	Felt rype per jegerdagsverk
2016/17	344	81 %	635	211	172	0,6
2017/18	372	62 %	632	204	173	0,6
2018/19	212	74 %	399	182	139	0,8
2019/20	184	91 %	497	141	98	0,4
2020/21	238	94 %	696	218	124	0,5
2021/22	196	91 %	586	119	83	0,34

(Nøkkeltal rypejakta dei siste 6 jakt sesongane – tal for både innanbygds og utanbygds).

Opplæring og rekrutteringstiltak for jakt og fiske

Skjåk Almenning var som tidlegare år med som bidragsytar for jegerprøvekurset i 2021. Dette bidraget er med på å gjere kurset gratis (med unntak av avgift for skyting) for deltakarar under 20 år.


I februar organiserte almenninga jakttur på rype for elevane med valfaget natur, miljø og friluftsliv ved Skjåk Barne- og Ungdomsskule. Dette vart dessverre avlyst på grunn av vær og føretilhøve, men undervisning om rypejakt og rype som art vart uansett gjennomført på skulen. Også i år bidrog almenninga i «forske på fjell» for 10.klasse ved Skjåk barne- og ungdomsskule, der dei set fokus på naturressursar, lokalhistorie og økosystem. Almenninga bidrog med fokus på fiske og villrein.

I juli/august organiserte Skjåk Almenning eit «skattekisteopplegg» for born og unge. 3 kister vart lagt ut (Grotlivatnet, Lykretjønne og Røykjeskålsvatnet). Kvar kiste inneheldt fiskeutstyr til ein verdi av vel 1.200 kr. Hint og bilete vart publisert på facebook for å gjeve utgangspunkt for leitinga. Målet med opplegget var å få fleire ut i naturen, spesielt for å fiske.

Jaktkurset på villrein i samarbeid med NJFF vart gjennomført att i 2021. Dette vart svært vellykka med 7 særns nógde deltakarar.

Hytter/feste

I Billingen hyttegrennd er det bygsla burt 4 tomter i 2021, medan det i hyttefeltet ved Liavatnet ikkje er bygsla burt nokon.




(Utvikling utleigedøgn hytter/buer 2011-2021).

5. ØKONOMI

Rekneskap

Det samla driftsresultatet i 2021 kom på kr. 5.406.852, der årsresultat etter finans og skatt kom på kr. 6.172.737. Det gode resultatet kjem av god inntening på fleire område, og er eit resultat av målretta arbeid over mange år. Det er utmarksavdelinga som gjev det største positive bidraget, men mindre kulturtiltak og vegbygging gjorde sitt til at skogavdelinga hadde eit godt bidrag til resultatet.

Figuren nedanfor viser bidraget gjennom kontantutbyte, bruksrettsrabatt og kvantumsrabatt til dei eigedoms- og bruksberettiga i Skjåk Almanning dei siste 10 åra. Nytt for året er at andre ytingar er teke med. Dette er blant anna gjerdetilskot og det nyetablerte tilskotet til driftsbygning. Ytingane frå



(Bruksrettsytingar og antal bruk med røysterett i Skjåk Almanning 2011-2021).

Skjåk Almenning til landbruksnæringa i Skjåk endte på kr. 2.626.569 i 2021.

Almenningsstyret meiner at framlagt årsrekneskap for 2021, saman med styret si årsmelding, gjev eit rettvissande bilete av årsresultatet og den finansielle stillinga til Skjåk Almenning ved utgangen av året.

Industrielt eigarskap

Skjåk Trelast AS med Bygger'n Skjåk AS:

Året 2021 har vore eit travelt og opplyftande år for trelastindustrien med stor etterspurnad etter material. Både nasjonalt og internasjonalt har det vore mangel på råstoff som har medført stor prisvekst på trelast, og aktiviteten i byggemarknaden har generelt auka. Skjåk Trelast AS har opplevd eit aukande sal gjennom heile året, og dette har gjort at det totale volumet og produksjonskapasiteten har sett nye rekordar samanlikna med åra sidan 2001. Den positive trenden i trelastmarknaden har halde fram også i 2021, og det er stadig fokus på bærekraft og miljøvennlige byggematerialar. Det har vore stor utvikling på trelastbruket dei siste åra og det blir arbeida aktivt for å skapa auka lønsemd og framtidig vekst. Årsomsetnaden gjekk kraftig opp frå 15,9 MNOK i 2020 til 21,5 MNOK i 2021. Årsresultatet i 2021 kom på kr. 1.692.194

Bygger'n Skjåk AS vart etablert i 1997, og blir såleis 25 år neste år. Selskapet fører det meste som er av trelast og byggevarer, og har 5 årsverk. Omsetninga i 2021 var på 24,3 MNOK (23,0 året før), medan årsresultatet kom på kr. 1.729.268.

Skjåk Biovarme AS

Påkobling av fleire bygg ved Skjåk Trelast AS og Interfil AS, samt låge temperaturar i januar og februar, bidrog til at varmesalet i 2021 auka kraftig. Frå å levere 2,2 GWh i 2020 vart leveransen i 2021 på 3,2 GWh. Anlegget fungerer godt, og fjernvarmeprisen i 2021 låg godt under samanliknbar energipris (strøm og nettleige). Skjåk Biovarme AS kjøpte 5.800 m³ med fyringsflis frå Skjåk Trelast AS dette året. Årsomsetnaden var 2,6 MNOK i 2021 mot 1,7 MNOK året før, medan årsresultatet i 2021 kom på kr. 519.967.

Gudbrandsdalen Massivtre AS

Året 2021 var eit svært aktivt år for selskapet. I februar kjøpte verksemda konkursboet til Nordisk Massivtre AS på Kongsvinger. Selskapet fekk med dette tak i rimeleg, men godt brukt, fullskala produksjonsutstyr. Utstyret vart flytta til dei tidlegare produksjonslokala til Vågå Bruk, der mesteparten av sommaren og hausten gjekk med til oppbygging av fabrikk, vedlikehald av utstyr og prøveproduksjon av massivtreplater. Med dette produksjonsutstyret kan Gudbrandsdalen Massivtre AS produsere og levere limte massivtreplater av både gran og furu, og kapasiteten ligg på om lag 2.500-3.000 m³ pr.år. I løpet av året har Skjåk Almenning, Brun Bygg AS og Langmorkje Almenning gått inn med meir aksjekapital, samstundes som selskapet har fått inn to nye aktørar på eigarsida. Etter denne endringa eig Skjåk Almenning 24,4 % i selskapet. 2021 vart naturleg nok eit år med lite produksjon og sal, og omsetninga endte på kr. 1.552.245, og årsresultatet vart negativt med kr. 1.247.258. Selskapet har bytt namn i 2021, frå Ottadalen Massivtre AS til Gudbrandsdalen Massivtre AS.

Måråe Kraftverk AS

I løpet av 2021 vedtok Skjåk Almenning og Skjåk Vasskraft AS å etablere Måråe Kraftverk AS, der eigarskapet er 50/50. Bakgrunnen var å overta konsesjon om bygging av kraftverk i elva Måråe frå Are Bergheim. Anlegget skal etablerast der det gamle sto, både med inntaksdam og kraftverksbygning. Stipulert årsproduksjon er om lag 1,75 GWh, og byggekostnaden er på om lag 14 MNOK. Prosjektet er marginalt økonomisk, men pga. lokal verdiskaping og aktivitet, samt produksjon av rein og fornybar energi, valde eigarbedriftene å realisere projektet.

Som ein del av sitt samfunnsansvar ynskjer Skjåk Almenning å vera med på utviklinga i lokalsamfunnet. Industriengasjementa til almenninga er krevjande. Engasjement og deltaking i lokal næringsutvikling medfører nødvendigvis ein viss risiko for Skjåk Almenning.

Diverse

I 2021 vart avkastning av fond brukt til ungskogpleie og tilskot til Skjåk Turløyper for sesongen 2021/2022 (sjå eigen tabell i notane). Skjåk Almenning har i 2021 leigd ut arbeidskraft til SNO 128 t (158), Skjåk Trelast AS 188 t (205), Byggern'n Skjåk AS 215 t (221), Norsk Almenningsforbund 270 t (251), Skjåk Biovarme AS 137 t (188), Gudbrandsdalen Massivtre AS 155 t (51), Sotvegen 159 t og andre 6,5 t.

6. ANDRE OPPLYSNINGAR

Arbeidsmiljø

I medhald av gjeldande lover og forskrifter fører verksemda oversyn over totalt sjukefråvær. I 2021 var sjukefråværet på 0,79 % (0,34) av mogleg arbeidstid. Skjåk Almenning er medlem i Aktimed Helse.

Pr. 31.12.2021 er tre av åtte tilsette kvinner. I almenningsstyret er 2 av 7 medlemmar kvinner. Personalpolitikken vert rekna som kjønnsnøytral på alle område. Det er ikkje etablert ansvarsforsikring for styrets medlemmar eller dagleg leiar.

Ytre miljø

Skjåk Almenning er medlem av Mjøsen Skogs FSC® gruppe-ordning (FSC-C103851) og Mjøsen Skogs PEFC gruppe-ordning, og følgjer Norsk PEFC Skogstandard. Nøkkelibiotopane blir overvåka av almenninga sjølv, samt at det blir gjennomført stikkprøvebaserte kontroller i regi av sertifikathaldar. Det ikkje avdekka skader eller andre utilsikta forstyrringar i verneområde eller nøkkelibiotopar i 2021. Almenninga har heller ikkje kjennskap til uhell eller avvik knytt til andre kjente miljøverdiar siste år.

Verksemda i almenninga fører ikkje med seg forureining av det ytre miljøet meir enn det som fylgjer av den vanlege skogsdrifta, med utslepp til luft frå skogsmaskiner og motorsager. Det vert nytta miljøbensin til motorsagene.

Uttak av naturstein i Kvitingslia

Sidan 2017 har det vore eit lite prøveuttak av naturstein i Kvitingslia. Målet har vore å kartleggje førekomstane av murstein i området. I 2021 vart det reist spørsmål om å utvide uttaksomfanget, og området vart lagt inn i revidert arealplan for Skjåk kommune. Styret i Skjåk Almenning vedtok å gå vidare i prosessen med å regulere området for masseuttak.

Utvikling av administrasjonsbygg

I samband med ny strategiplan for Skjåk Almenning, vart det fastsett at det skal arbeidast for å utvikle administrasjonsbygget. I løpet av 2021 er det sett i gang eit forprosjekt for dette, der behov, arkitektur og innvendige funksjonar er ein del av arbeidet.

Sotvegen

Skjåk kommune avvikla Sotvegen (Tuva-Sota sæter) som kommunal bomveg i 2020. Hausten 2020 tok allmenningsstyret initiativ til ei bruksordning for Sotvegen der jordskifteretten styrer prosessen. Jordskifteretten har nedsett eit interimsstyre som består av representantar frå setereigarar, hytteeigarar, DNT Sota Sæter og Skjåk Almenning. Jordskifteretten har etablert midlertidige vedtekter som vegen blir drifta etter fram til endeleg avgjerd i saka. Det er ikkje høve til å opprette eit formelt vegselskap før jordskiftesaka er ferdig, og det har såleis vore vanskeleg å setja i gang med større vedlikehaldstiltak. Fokuset i 2021 har vore å drifte vegen best mogleg med dei ressursane ein har hatt til disposisjon. Inn mot jul i 2021 vart det sett opp ny betalingsbom i Næpholet, eit anlegg med automatisk skiltgjenkjenning og betalingsformidling.

Skjåk Almenning og koronapandemien

Almenninga har vorte mindre råka enn det ein fyrst hadde forventa når pandemien gjorde sitt inntog. Heldigvis har pandemien berre råka i mindre omfang, og ein har vurdert situasjonen slik at det ikkje har vore nødvendig å søkje på eventuelle kompensasjonsordningar. På arbeidsplassen har det vore

gjort tiltak for å avgrense smittespreiing i tråd med tilrådingar frå sentrale mynde. Ingen tilsette har vore smitta og ingen har vorte permitterte pga. pandemien.

7. UTSIKTENE FRAMOVER

Skjåk Almenning med sine underselskap har ekspandert og vorte ei meir samansett bedrift dei seinare åra. Reknar ein Skjåk Almenning, Skjåk Trelast AS, Skjåk Biovarme AS og Bygger'n Skjåk AS i hop, omsette desse selskapa for meir enn 70 MNOK i 2021 og hadde over 30 tilsette. Den positive trenden for Skjåk Trelast AS ser ut til å halde fram, der ein sterk trelastmarkand, større etterspurnad og meir fokus på «grønne» produkt er med å drive fram dette.

I 2021 gjorde vi forhåpentlegvis «frå oss» koronaen, sjølv om det vil prege nyheitsbilete også inn i 2022. Verknaden for vår bransje ser likevel ikkje ut til å verke i negativ retning, der det har vore stor aktivitet i alle selskap i 2021. Med oppkjøp og flytting av konkursboet til Nordisk Massivtre AS frå Kongsvinger til Vågå, har Gudbrandsdalen Massivtre AS satsa fullt ut på lokal produksjon av massivtre. Bruken av massivtre er i sterk vekst, og med liten produksjonskapasitet i Norge og noko utfordringar med import frå utlandet, bør både tidspunkt og marknad ligge til rette for dette selskapet. Måråe Kraftverk AS er etablert med tanke på å bygge ut kraftverk på dei gamle tuftene til kraftverket som vart nedlagt i 1982. Målsetjinga er å setja anlegget i drift på vårparten i 2023. Utvikling i straumpris, eurokurs og rente er usikre faktorar for dette prosjektet, men med dagens straumprisar i Norge, omlegging til fornybar energiforsyning til Europa og aukande uro i det geopolitiske biletet, er det grunn til å tru at straumprisen framover vil halde seg høg.

I høve dei bruks- og eigedomsberettiga i Skjåk Almenning, har styret vedteke at ytingane skal aukast til om lag 3 MNOK i 2023. Med dei endringane og nyetablerte tilskotsordningane som vart innført i 2021, ser ein ut til å vera godt i rute med dette. Det er likevel ei stor bekymring kring utviklinga i landbruksnæringa. Auka kostnadar, større arbeidspress og krav, samt liten utvikling på inntektssida, gjer at mange har store utfordringar med økonomien. Eit anna moment er samfunnsutviklinga elles, der forståinga og kunnskapen om landbruket og jordbruksproduksjon er synkande. Det hjelp heller ikkje på at utmarksressursen vår, som er ein av dei største fordelane med fjellandbruket, blir truga av ei rovdyrforvaltning ute av kontroll. Landbruket kan ikkje drivast på idealisme, og næringa treng å få eit vesentleg lyft og betre ramevilkår for å møte utfordringane som er og kjem framover.

Skjåk Almenning har ein solid eigenkapital og ei fornuftig drift, og bør såleis vera godt økonomisk rusta for å møte utfordringar framover. Det blir viktig å følgje tett opp tilknytte selskap, samt vera ein aktiv bidragsytar for å utvikle desse vidare.


Styret vil rette ein stor takk til dei tilsette, eigarar- og bruksberettiga, tillitsvalde og samarbeidspartnarar gjennom året som har gått.


Bismo, 31. desember 2021

22. mars 2022

I styret for Skjåk Almenning


Kjell Egil Ramstad
(Styreleiar)


Mona Haugen Grimstad
(Nestleiar)


Vidar Vange


Kjell Aaboen


Ragnhild Løkken


Bjørnar K. Stenersen


Arnstein Fjerdingsren


Jo Trygve Lyngved
(Almenningsstyrar)

SKJÅK ALMENNING

RESULTATREGNSKAP

	Note	2021	2020
		(hele kr)	(hele kr)
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
DRIFTSINNEKTER			
Salgsinntekter	1	20 531 074	16 343 227
Brukt skogavgift vedr. drift	2	860 125	921 290
Andre driftsinntekter		784 045	514 246
SUM DRIFTSINNEKTER		22 175 245	17 778 763
DRIFTSKOSTNADER			
Forbruk av varer og tjenester	1	7 102 257	4 895 504
Lønnskostnader	1,3	4 173 863	3 434 741
Ordinære avskrivninger	1,4	587 003	547 004
Skogavgift	2	657 000	528 000
Andre kostnader	1	4 248 268	4 441 017
SUM DRIFTSKOSTNADER		16 768 390	13 846 266
DRIFTSRESULTAT	1	5 406 852	3 932 494
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Aksjeutbytte		280 321	27 713
Renteinntekter ansvarlig lån datterselskap	5	108 310	117 910
Andre renteinntekter		694 767	805 642
Andre finanskostnader		-17 674	-11 901
Tap salg aksjer		-	-6 748
Gevinst salg aksjefond		0	981 768
NETTO FINANSINNEKTER		1 065 724	1 914 384
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		6 472 576	5 846 878
Skattekostnad på ordinært resultat		299 839	474 534
ÅRETS RESULTAT		6 172 737	5 372 344
DISPONERING AV ÅRETS RESULTAT			
Ytinger:			
Bruksrettrabatter	6	919 388	702 683
Kontantutbytte	6	919 388	702 683
Kvantumsrabatter		664 222	571 825
Andre ytingar		123 571	
Sum ytinger		2 626 569	1 977 190
Andre disponeringer			
Overført erstatningsfond Øvre Otta	7	60 884	73 386
Overført utviklingsfond	7	90 328	108 806
Overført verneområdeerstatning	7	13 280	15 448
Overført fri egenkapital	8	3 381 677	3 197 514
SUM		6 172 737	5 372 344

BALANSE

EIENDELER

	Note	2021	2020
		(hele kr)	(hele kr)
ANLEGGSMIDLER			
Innkjøpt grunn		126 999	126 999
Bygninger	4	5 140 291	4 173 242
Opparbeidingskostnader hyttefelt L		397 600	397 600
Opparbeidingskostnader hyttefelt B		1 514 613	2 923 723
Maskiner, inventar og transportmidler	4	728 500	670 300
Aksjer, aksjefond og andeler	2,9	19 045 660	13 325 660
Ansvarlig lån til datterselskaper	2	7 165 500	5 482 500
SUM ANLEGGSMIDLER		34 119 162	27 100 024
OMLØPSMIDLER			
